

Samfunnsdelen av kommuneplanen Kinn kommune

Om undersøkinga



FORMÅL


På oppdrag frå Kinn kommune har Sentio Research gjennomført ein spørjeundersøking i Kinn kommune. Føremålet med undersøkinga er å få tilbakemelding på kommuneplanens samfunnsdel.



UTVAL

Undersøkinga er sendt ut til totalt 4198 personar i Kinn kommune. Av dei vart 4000 trekt tilfeldig og 198 har tidlegare meldt interesse i å delta i eit panel som får spørjeundersøkingar frå Kinn kommune. 4000 personar vart trekt tilfeldig først og det vart deretter sjekka for deltakarar som både var meldt på panelet og i det tilfeldige utvalet, då ingen skulle bli invitert dobbelt.

Samla sett gir dette ein svarprosent på 23 prosent og 962 svar. Alle spørsmål har vore frivillig å svare på og talet svar vil derfor variere.



PRESENTASJON AV RESULTATA

I undersøkinga har respondentane vurdert ulike områder knytta til Kinn kommune sin samfunnsplan. Dei aller fleste spørsmåla har hatt ein skala frå 1 til 5, til dømes frå 1 - «Helt ueinig» til 5 - «Helt einig». I denne rapporten presenterast både andelane som har svart kvart alternativ, og ein omrekning til eit gjennomsnitt. Merk: når det visast til ein prosentdel for fleire svaralternativ saman, kan det vere avvik i prosentandelen som står i teksten og det ein ser i figuren. Denne andelen er regnet ut med desimalar, men prosentfordelinga som er oppført i figuren er runda av og avvik kan derfor forekomme. Eksempelvis dersom 21,44 prosent er helt einige rundes det av til 21 prosent og andelen noko einige er 12,11 prosent, avrunda til 12 prosent. Dersom ein slår saman dei avrunda talla får ein 33 prosent som er heilt/noko einige, men dersom ein tek høgde for desimalane i utrekninga av andelen heilt/noko einig, får ein 33,55 som rundes av til 34 prosent. Andelen heilt/noko einige kan dermed avvike frå dei avrunda andelane når dei er runda av kvar for seg.

Gjennomsnittet er rekna ut med 0 = Heilt ueinig (eller det mest «negative» svaret) og 100 = Heilt einig (eller det mest «positive» svaret). Det vil seie at gjennomsnittet viser svarfordelinga på ein forenkla måte, der ytterpunkta (0/100) trekker svaret meir opp/ned enn kva t.d. «Noko einig» (75) gjer.




TESTING AV STATISTISK SIGNIFIKANS


I tabellvedlegget er det gjennomført signifikanstesting av skilnadar mellom resultatata til dei forskjellige respondentane. Vi har skilt mellom fleire relevante faktorar og viser svarfordelinga ut i frå desse faktorane. Formålet med denne testen er å undersøke om resultatata til ein undergruppe er forskjellige frå motsatsen (alle dei som **ikkje** høyrer til same kategori). Til dømes om dei i alderen 41–50 svarer annleis frå dei som **ikkje** er innan denne aldersgruppa, det vil seie 40 år eller yngre og eldre enn 50. Signifikanstestinga gjerast for kvart spørsmål, og forskjellen som er nødvendig for at noko markerast som signifikant kan variere mellom spørsmåla. Dersom en forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit hevde at den er reell og ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet. Når vi trekker fram skilnadar i teksten, er det statistisk signifikante skilnadar med mindre noko anna er spesifisert.

Om deltakarane


Alder (n = 962)




Frivillighet (n = 876)




Vil hjelpe andre med praktiske ting (n = 822)




Kjønn (n = 946)



Område (n = 962)



Ta imot praktisk hjelp frå andre (n = 827)





Ting ein sjølv kan gjere for å betre
lokalsamfunnet

Eg kan tenke meg å hjelpe andre i lokalsamfunnet med praktiske gjeremål

Dei eldre svarer oftare at dei kan tenkje seg å hjelpe andre i lokalsamfunnet med praktiske gjeremål.


Vi ser ein samanheng mellom dei som er villig til å sjølv hjelpe og dei som vil ta imot slik hjelp.

Det er berre tre av ti som samla sett seier at dei både vil tilby slik hjelp til andre, og ta imot hjelp frå andre om dei tilbyr det.

Vi ser likevel at av dei som svarer at dei kan tenke seg å hjelpe andre i lokalsamfunnet med praktiske gjeremål, så er det ein svært stor andel som svarer at dei og er villige til å ta imot denne hjelpa sjølve. Det er dermed tydeleg at det å teke i mot og tilby hjelp heng tett saman.

Det er og ein tydeleg samanheng mellom om ein kan tenke seg å hjelpe andre i lokalsamfunnet, og om ein vil vere med på å vidareutvikle lokalsamfunnet, der nesten halvparten av respondentane er einige i begge påstandane.

Kva er du sjølv villig til å gjere for å betre lokalsamfunnet – Eg kan tenke meg å hjelpe andre i lokalsamfunnet med praktiske gjeremål (til dømes mathandling, klippe gras, husvask, o.l.)



Eg kan tenke meg å ta imot slik praktisk hjelp frå lokalsamfunnet mitt


Og her er det store skilnader etter alder, der dei eldre igjen oftare svarer at dei kan tenkje seg å ta imot slik hjelp frå andre i lokalsamfunnet.

Det er nok berre naturleg at det er slike skilnader etter alder, all den tid dei som er eldre oftare kan behøve denne hjelpen enn dei yngste. Dei yngste ser det i høyt grad som irrelevant å få hjelp til dette, truleg fordi dei no klarer det sjølve.

Om ein berre ser på dei aller eldste ser ein at nesten halvparten av dei kan tenke seg å ta imot slik praktisk hjelp.

Omtrent éin av fire svarer at dei er villige til å ta imot praktisk hjelp frå lokalsamfunnet sitt, og at dei, om dei treng meir hjelp i framtida, er villige til å flytte til ein tilrettelagt bustad i eit sentrumsnært område.

Kva er du sjølv villig til å gjere for å betre lokalsamfunnet – Eg kan tenke meg å ta imot slik praktisk hjelp frå lokalsamfunnet mitt




Eg kan tenke meg å bu i eit bufellesskap der yngre og eldre bur på same plass og hjelper kvarandre i kvardagen

Det er store skilnader etter alder på dette spørsmålet, kor jo eldre ein er, jo større er andelen som er einige i påstanden. Dette kan henge saman med det vi så tidlegare, der dei eldre ser på det som meir realistisk i kort framtid eller allereie. Det er og ein viktig faktor at dei under 40 år, har gjerne barn og dermed andre føresetnadar for flytting.

Dei aller yngste, mellom 18–30 år, er i liten grad interessert i dette med eit gjennomsnitt på 35, der det lågaste moglege er 0 og det høgaste moglege er 100. Til samanlikning har dei over 60 år eit snitt på 59.

Vi ser også skilnadar ut i frå kjønn på dette spørsmålet, der kvinner i større grad er einige i denne påstanden enn det menn er.

Kva er du sjølv villig til å gjere for å betre lokalsamfunnet – Eg kan tenke meg å bu i eit bufellesskap der yngre og eldre bur på same plass og hjelper kvarandre i kvardagen



Deltek du i frivillig arbeid?


Kven er det egentleg som deltek frivillig?

Vi ser at det er ein klart lågare andel av dei som er i alderen 18–30 år som svarer at dei deltek i frivillig arbeid.

Utover denne gruppa, er det jamt over tre av ti som deltek frivillig, med ein noko høgare andel av dei i alderen 41–50. Denne aldersgruppa skil seg ikkje veldig ut frå dei andre på testane.

Som tidlegare nemnd så er det ein samanheng mellom om ein er frivillig og om ein vil tilby praktisk hjelp. Det er ein større andel frivillige blant dei som er villige til å tilby praktisk hjelp, der fire av ti som er frivillige, og kan tenke seg å hjelpe andre med praktiske gjeremål.

Deltek du i frivillig arbeid (som røde kors besöksvenn, fotballtrenar, o.l.)?




Kunne du tenkje deg å delta i frivillig arbeid?

Dei som svarte at dei ikkje deltek i frivillig arbeid, fekk eit oppfølgingsspørsmål om dei kunne tenkje seg å gjere det. Det vil seie at det er 436 personar som har svart på dette spørsmålet. Det er fleire i Flora-området som svarer at dei ikkje kunne tenkje seg det, men kan nok og henge saman med at dei har ein lågare andel som svarer at dei ikkje veit.

Det har vore mogleg å skrive inn noko om kvifor dei svarer at dei kunne tenkje seg å delta eller ikkje delta i frivillig arbeid, men det har ikkje vore naudsynt. Dei som har skreve noko på at dei kan tenkje seg å delta i frivillig arbeid, har svart at dei synast det er givande og dei ser det som ein viktig og meningsfull del av livet i bygda. Det er og mange som svarer at dei kunne tenkje seg det når dei får meir kapasitet, då barn eller jobb tek mykje tid.

Av dei som svarer at dei ikkje kan tenkje seg å delta i frivillig arbeid, er klart mest vanlege svaret at tida ikkje strekker til. Det er med andre ord mykje av det same som går igjen. Det er og fleire som svarer at helse ikkje tillèt det.



Erstatning av kommunen sitt omsorgstilbud


Kan noko av kommunen sitt omsorgstilbod erstattast av ny velferdsteknologi (til dømes medisindispenser, robotstøvsuger, o.l.)?

Vi har spurt respondentane om kva dei synest om at noko av kommunens omsorgstilbod kan erstattast av enkelte utvalde faktorar. Først ut er ny velferdsteknologi. Totalt sett er halvparten av respondentane positive til at denne påstanden.

Vi ser at dei yngste har ein høgare andel som svarer at dei er svært positiv, men samla sett er det likevel ikkje fleire teknologioptimistar blant dei yngste. Vi finner og at dei har ein høgare andel som svarer at dei ikkje veit. Med andre ord er det ein tendens til at nokon av dei yngste er meir positive, men det er og mange som er usikker på kva som blir best.

Utover dette er det ingen interessante skilnadar mellom respondentane i korleis dei svarer. Jamt over er respondentane positive, med cirka halvparten som er enten svært positiv eller positiv.

Er du positiv/negativ til at kommunens omsorgstilbod kan erstattast av – Ny velferdsteknologi (til dømes medisindispenser, robotstøvsuger, o.l.)




Kan noko av kommunen sitt omsorgstilbod erstattast av hjelp frå frivillige?

Deretter spør vi respondentane om kva dei synest om at noko av kommunen sitt omsorgstilbod kan erstattast av hjelp frå frivillige. Ikkje overraskande så er det store utslag på om ein sjølv er villig til å hjelpe andre med praktisk arbeid og ta imot slikt praktisk arbeid. Dei som er villige til å hjelpe andre i samfunnet med praktiske gjeremål, er klart meir positive til at frivillige kan ta over noko av omsorgsansvaret til kommunen. Totalt sett er noko over halvparten av respondentane positive til denne påstanden.

Vi finner vidare at det er ein lik samanheng med dei som er villig til å ta imot slik hjelp, der dei som er villige til dette, i større grad svarer at frivillige kan erstatte noko av omsorgstilbodet.

Til sist ser vi og at kvinner er klart meir positive enn kva menn er til å erstatte noko av kommunens omsorgstilbod av hjelp frå frivillige.




Kan noko av kommunen sitt omsorgstilbod erstattast av hjelp frå familie og nabolag?

Vi har og spurt respondentane kva dei synest om at familie og nabolag si hjelp kan erstatte noko av omsorgstilbodet og cirka halvparten svarer positivt på spørsmålet.

Det er store skilnadar mellom respondentane på dette spørsmålet ut i frå alderen deira. Dei som er eldre enn 60 år er klart meir positive til dette, enn dei som er 60 år eller yngre.

Vi ser likevel og her at det er heilt klare samanhengar mellom dei som kan tenke seg å hjelpe andre med praktiske gjeremål og kor positiv ein er til dette spørsmålet. Det same gjelder dei som er villig til å ta imot hjelp frå frivillige.

Er du positiv/negativ til at kommunens omsorgstilbod kan erstattast av –
Hjelp frå familie og nabolag



Levande byar

Viss eg i framtida treng meir hjelp heime, er eg villig til å flytte til ein tilrettelagt bustad i eit sentrumsnært område


Vi har bedt respondentane ta stilling til fleire påstandar om bustadar og byane i Kinn.

Seks av ti svarer at viss dei i framtida trenger meir hjelp heime, er dei villige til å flytte til ein tilrettelagt bustad i eit sentrumsnært område.

Alder har ikkje så sterk effekt som ein gjerne skulle tru, men det er enkelte små aldersskilnadar. Noko av årsaka til at det er små aldersskilnadar er at respondentane er relativt samstemde.

Og her er det ein samanheng med om ein vil tilby og/eller ta imot praktisk hjelp, der dei som vil det er oftare villig til å flytte til tilrettelagt bustad i eit sentrumsnært område.

Ta stilling til påstanden: - Viss eg i framtida treng meir hjelp heime, er eg villig til å flytte til ein tilrettelagt bustad i eit sentrumsnært område




Kor einig eller ueinig er du i at vi må utvikle byane våre?

Når vi her i rapporten seier at nokon meiner noko, t.d. at dei meiner ein bør utvikle byane, betyr det at dei har svart at dei er einige i påstanden som vist på denne sida.

Det er ikkje nokon tvil om at det å utvikle byane er viktig for folk, der heile 9 av 10 svarer at ein bør utvikle byane.

Ettersom det er så stor semje om dette, er det få skilnadar, men vi vil likevel trekkje frem at dei aller yngste (dei under 30), er meir einige i påstanden, enn kva sine eldre medborgarar er. Heile 98 prosent av dei under 30, meiner at ein bør utvikle byane i Kinn. Tilsvarande andelar blant dei som er eldre enn 30 er mellom 80 og 90 prosent.

Kor einig eller ueinig er du i at - Vi må utvikle byane våre vidare



Kor einig eller ueinig er du i at du kan tenke deg å bu i ein av byane våre?


På dette spørsmålet er det store skilnadar ut i frå kor ein bur.

For dei som bur i Flora-området, er det ein klart høgare andel som seier dei vil bu i ein av byane. Nesten halvparten av dei som bur i Flora-området svarer at er heilt einige at dei vil bu i ein av byane. Til samanlikning har 3 av 10 i Vågsøy-området svart at dei er heilt einige i at dei kan tenke seg å bu i ein av byane.

Når vi ser meir i detalj på kor dei bur, ser vi at av dei som har **poststad** Florø, er heilt klart meir einig, med 8 av 10 som er einige. Av dei som bur i Flora-området, men utanfor Florø, er det 3 av 10 som er einige i påstanden.

Av dei som har **poststad** Måløy, er det berre 3 av 10 som er einige. Av dei som bur i Vågsøy-området, men utanfor Måløy, er vel 7 av 10 (75 prosent) einige i påstanden.

Det er dermed store skilnadane mellom dei som bur i byane og dei som bur i områda rundt byane.




Kor einig eller ueinig er du i at vi må utvikle «10-minuttbyen»?

Ettersom det er planlagt å utvikle «10-minuttbyen» i begge byane, ser vi her på svarfordelinga etter kor respondentane bur. Då ikkje alle bur i Florø eller Måløy, men og i områda rundt, har vi nytta dei gamle områdenamna.

Det er eit fleirtal som svarer at dei er einige i at ein bør utvikle «10-minuttbyen», med nesten 6 av 10. Det er relativt få som er ueinige, 2 av 10 og endå færre som er usikre, berre 2 prosent. Med andre ord er det ganske stor semje om at ein bør utvikle «10-minuttbyen».

Og her er det ein skilnad etter kor ein bur i forhold til byane. Dei som har poststad Florø, er meir einige, medan dei som bur i Flora utanfor Florø, er mindre positive. Av dei utanfor Florø, er 3 av 10 heilt ueinige, medan det er under 1 av 10 i same leir i Florø. I Vågsøy-området er det motsett, der dei som har poststad Måløy er mindre einige enn dei som bur i Vågsøy-området, utanfor Måløy. Det er dermed meir semje i påstanden i Florø, enn i Måløy.



Kor einig eller ueinig er du i at byane har gode møteplassar for ein som deg?


Det er store sprik i dette spørsmålet ut i frå kor gammal den som svarer er. Av dei aller yngste, dei i alderen 18–30 år, svarer over halvparten at dei er ueinige i at det finnes gode møteplassar for ein som dei. Merk: dei svarer ut i frå sitt eige perspektiv, for ein som **meg**, ikkje for ein i same aldersgruppe, men det er likevel tydelege aldersskilnadar.

Av dei som er eldre enn 70, ser vi at nesten 2 av 3 er einige i påstanden og dei trekker opp gjennomsnittet betydeleg. Det gjer også dei på 61–70 år, men ikkje like mykje.

Det er tydeleg at dei yngste opplever at det ikkje er gode møteplassar, medan dei eldste opplever at det allereie er gode møteplassar.

Dei med poststad Florø er meir einige i påstanden, enn dei i området utanfor Florø. I Vågsøy er dei i området utanfor Måløy meir einige enn dei med poststad Måløy.

Kor einig eller ueinig er du i at -
Byane våre har gode møteplassar for ein som meg



Bustadar


Byane våre treng fleire bustader som er tilrettelagt for eldre

Her er det nokså store skilnadar etter alder, men ikkje like store aldersskilnadar som vi har sett tidlegare i undersøkinga.

Jo eldre ein er, jo meir einig er ein i påstanden, men dei i alderen 51–60 år skil seg ut som oftare einige.

Vi ser og at kvinner i større grad enn menn er einige i påstanden, der 8 av 10 kvinner er einige, mot 7 av 10 menn.

Byane våre treng fleire bustader som er – tilrettelagt for eldre




Byane våre treng fleire bustader som er førstegangsbustadar

Sjølv om førstegangsbustadar gjerne heng saman med kor gammal ein er, er det altså ikkje så store skilnadar ut i frå alder. Det er likevel ikkje like tydelege aldersskilnadar i dette spørsmålet som det førre.

Vi ser at totalt sett er nesten 8 av 10 einige i påstanden om at byane treng fleire bustadar som er førstegangsbustadar, medan under 1 av 10 er ueinige i dette.

Dei i alderen 31–40 år er i mindre grad einige i påstanden, med nesten 7 av 10 som er einige. Dei har ikkje så mange som er **ueinige**, men har ein høgare andel som svarer at dei er verken einig eller ueinig.

Byane våre treng fleire bustader som er – førstegangsbustader




Byane våre treng fleire bustader som er familiebustadar

Familiebustadar kan og gjerne knytast opp mot alder, då det gjerne er tidsbestemt når ein treng familiebustadar og ikkje. Det er likevel ikkje nokre skilnadar ut i frå alder på dette spørsmålet.

Det vil seie at sjølv om det er ulike andelar som svarer einig/ueinig, er det ikkje store nok skilnadar til at vi kan tilskrive dei til alder. Faktisk er det ikkje nokon skilnadar ut i frå andre relevante faktorar heller. Dette betyr at andelen vi ser som er einig og ueinig, ikkje påverkast av ulike faktorar.

Samla sett meiner dermed 6 av 10 at ein treng fleire familiebustadar i byane, medan 2 av 10 er verken einig eller ueinig og under 1 av 10 er ueinig.

Byane våre treng fleire bustader som er – familiebustader




Byane våre treng fleire bustadar som er små, tilrettelagte leigebustadar

Samla sett meiner 7 av 10 at byane treng fleire bustadar som er små, tilrettelagte leigebustadar. Det er få som er ueinige i dette, færre enn 1 av 10.

Alder viser og her eit viktig skilje mellom respondentane, der dei eldre svarer oftare heilt einig, enn dei yngre. Det vil seie, av dei under 40 år er cirka 3 av 10 **heilt einige** i at byane treng fleire bustadar som er små tilrettelagte leigebustadar, medan blant dei som er eldre enn 50 år, er nesten halvparten **heilt einig**.

Uavhengig av alder ser vi relativt få som er ueinige og cirka 2 av 10 som er verken einig eller ueinig.

Byane våre treng fleire bustadar som er – små, tilrettelagte leigebustadar



Skulestrukturen


Kor einig/ueinig er du i at det er viktig å bevare skular i distrikta sjølv om fleire klassetrinn må undervisast saman?

Samla sett er 6 av 10 einige i at det er viktig å bevare skular i distrikta, sjølv om fleire klassetrinn må undervisast saman. Det er større breidde i svara på dette spørsmålet enn vi har sett tidlegare i undersøkinga, der 3 av 10 er ueinige.

Ein av dei største skilnadane er at menn er meir einige enn kvinner i påstanden. Der menn i gjennomsnitt svarar 67, på ein skala der heilt ueinig = 0 og heilt einig = 100, svarar kvinner tilsvarende 58. Vi ser og store skilnadar ut i frå kor dei bur.

Medan det tidlegare har vore forskjellar mellom Florø og Måløy by, er dei no relativt samstemde. Det er derimot dei utanfor Florø, i Flora-området som er **meir** einige i påstanden og dei utanfor Måløy, i Vågsøy-området som er **mindre** einige. Det vil seie at dei i områda utanfor Florø er meir einige i at det er viktig å bevare skular i distrikta, medan dei i områda utanfor Måløy er meir ueinige i dette.

Av omsyn til respondentanes anonymitet, har vi ikkje høve til å gå meir i detalj på kvar dei bur enn at det er litt under 100 som bur i området utanfor Florø og litt over 100 som bur i området utanfor Måløy.



Kor einig/ueinig er du i at større skular gir betre arbeids- og læringsmiljø?

Der kjønn skilde respondentane i det førre spørsmålet, har kjønn lite å seie i dette spørsmålet. Her er det og store skilnadar ut i frå område, der dei i Vågsøy er meir einige i påstanden enn det dei i Flora er.


Men – det er tilnærma identiske svar i Florø og i Måløy, dei skilnadane vi ser på områda Flora og Vågsøy, er på grunn av dei som bur utanfor byane.

6 av 10 som bur i Flora-området utanfor Florø, er ueinige i denne påstanden. I same område er 2 av 10 **einige**.

3 av 10 som bur i Vågsøy-området, men utanfor Måløy er **ueinige** i påstanden og nesten halvparten er einige i påstanden.

Områda svarer og meir i ytterkantane, der 4 av 10 av dei utanfor Florø svarer at dei er **heilt ueinige** (og dermed 2 av 10 noko ueinig), og dei utanfor Måløy har «berre» 15 prosent som er heilt ueinige.

Kor einig eller ueinig er du i følgjande? - Større skular gir betre arbeids- og læringsmiljø



Kor einig/ueinig er du i at vi må redusere tal skulebygg for å oppnå tilfredsstillande kvalitet på gjenverande skulebygg


Samla sett er litt under halvparten av respondentane einige i at ein må redusere tal skulebygg for å oppnå tilfredsstillande kvalitet på gjenverande skulebygg.

Vi ser at det er skilnadar ut i frå kor gammal ein er, men det er ikkje snakk om store skilnadar. Dei under 30 er i noko mindre grad einige i påstanden enn dei som er eldre, men dette er først og fremst tydeleg på andelen som er heilt einig. Dei har ikkje ein større andel som er ueinige, men er altså mindre til stades i ytterpunktet heilt einig.

Menn svarer oftare enn kvinner at dei er heilt ueinige, og dei har ein høgare andel som er nøytrale enn kvinnene. Det er ikkje nokre store skilnadar på kor einige dei er totalt sett.

Det er ikkje store forskjellen på andelen som er einige og andelen som er ueinige, med 37 prosent ueinige og 46 prosent einige.

Kor einig eller ueinig er du i følgjande? - Vi må redusere tal skulebygg for å oppnå tilfredsstillande kvalitet på gjenverande skulebygg




Framtidsretta forvaltning av areala

Kor einig/ueinig er du i at kommunen legg til rette for næringsutvikling innanfor det grøne skiftet?

Samla sett har nesten 4 av 10 svart at dei er einige i at kommunen legg til rette for næringsutvikling innanfor det grøne skiftet. 2 av 10 er ueinige i dette, men det er og ein relativt høg andel som svarer at dei ikkje veit, med 15 prosent.

Vi ser at kvinner oftare har svart at dei ikkje veit kva dei skal svare enn det menn har, noko som kan vere med å bidra til at det er signifikante skilnadar mellom kjønna i korleis dei svarer. Det er og ein høgare andel menn som svarer at dei er heilt ueinige, enn andelen kvinner som svarer det same, noko som bidreg til kjønnskilnadane.

Vidare ser vi og at det er enkelte aldersskilnadar, der jo eldre ein er, jo meir einig er ein i påstanden. Dei yngste svarer til eit gjennomsnitt på 51, medan dei eldste svarer til eit gjennomsnitt på 68. Her er det og svært store skilnadar i korleis dei svarer, der dei eldste knapt har nokon som svarer at dei ikkje veit, medan dei i alderen 40 år eller yngre, har mellom 2-3 av 10 som svarer at dei ikkje veit. Med så store andelar som svarer at dei ikkje veit, påverkar det dei andre resultata ganske mykje, men det kan og vere eit funn i seg sjølv. Svært mange av innbyggjarane veit ikkje om kommunen legg til rette for næringsutvikling innanfor det grøne skiftet.




Kor einig/ueinig er du i at kommunen unngår utbyggingar som ikkje gir tilstrekkeleg lokal verdiskaping og ringverknadar?

I dette spørsmålet er det og det same mønsteret som i det tidlegare spørsmålet. Det er svært mange som svarer at dei ikkje veit og vi ser store skilnadar ut i frå alder og kjønn på andelen som ikkje veit kva dei skal svare. Kva som er årsaka til at det er så store skilnadar i kva ein veit, er vanskeleg å seie, men kan vere interessant i arbeidet med samfunnsplanen vidare.

For dette spørsmålet er det samla sett dobbelt så mange som er einige enn andelen som er ueinige, med nesten 4 av 10 som er einige og nesten 2 av 10 som er ueinige.

Vi ser og at det er store skilnadar i området ein bur i, der dei i Flora-området er mindre einige i påstanden, enn det respondentar i Vågsøy-området er. Det er fleire i Flora som svarer at dei er heilt ueinige i påstanden enn det er i Vågsøy. I Vågsøy er det og fleire som svarer at dei ikkje veit. Det er ingen samanheng mellom kjønn og alder og kor ein bur. Altså kan skilnadane i korleis ein svarer tilskrivast kor ein bur, heller enn underliggjande faktorar.



Kor einig/ueinig er du i at kommunen må stille sterke krav til prosessen for arealplanar, for å sikre ein berekraftig arealstrategi?


Til sist har vi spørsmålet om korleis kommunen skal stille krav til prosessen for arealplanar, for å sikre ein berekraftig arealstrategi.

6 av 10 er einige i påstanden, medan 1 av 10 er ueinige. Det er og 1 av 10 som ikkje veit kva dei skal svare.

Det er store skilnadar på områda, der dei i Flora har ein høgare andel som er **heilt einige**. Vi finner og her store skilnadar mellom menn og kvinner, der det er fleire kvinner som svarer at dei ikkje veit enn menn. Det er og fleire menn enn kvinner som svarer at dei er **ueinige**.

Og for alder er det skilnadar, der dei over 70 i klart større grad har svart at dei er heilt einige i påstanden, samanlikna med dei på 70 år og yngre. I andre enden har vi dei under 30 år, som har den høgaste andelen som svarer at dei ikkje veit.

Kor einig eller ueinig er du i påstandane? - Kommunen må stille sterke krav til prosessen for arealplanar, for å sikre ein berekraftig arealstrategi



Opne spørsmål

Korleis kan du tenkje deg å bidra i ditt lokalsamfunn?

Svært mange har svart på dette spørsmålet og vi ser at enkelte svar og vinklingar ofte går igjen. Vi vil trekkje frem enkelte svar som illustrerande. Ingen svar er endra på.

- «Drive litt dugnad så det er fint og ryddig rundt om kring i kommunen»
- «Eg tenker at alle kan bidra med å vere ein behjelpelig nabo, vi må alle ta ansvar for å rydda etter oss, engasjere oss i fellesskapet. Foreløpig tek jobben minst 100 %, men eg trur mange pensjonister har tid til å bidra. Det er mange utenfor jobb som burde bidra lott til fellesskapet.»
- «Bidrar med dugnad for mine barn. Og hjelper min mor med det hun ikke klare selv»
- «Eg kunne tenke meg å bidra til å minske følelsen av å vere einsam og aleine. Vi har få arenaer og møtast på, og møte andre i same livssituasjon. Vi har mykje dårlig veir, men ingen tilbud/møtestadar under tak. Vi er mange i same livssituasjon, både eldre, yngre, einslege, småbarnsforeldre osv. Enkelte tenesta (som miljøtenesta, besøkstenesta, psykisk helse og rus og liknande) har tilbud for sine brukarar. Mannen i gata har få eller ingen tilbud. Det må fenge og kunne plukke opp interessa til fleire, uten at folk føler seg hjelpetrengende eller spesielle på en negativt lada måte. Mange er utanfor arbeidslivet, men kan ha mykje å bidra med på et mellom-menneskelig nivå. Svømmehall, trampolinepark, innendørs leiketilbod for små barn - jatakk!»
- «Hele undersøkelsen virker til å finne ut om en kan dytte kommunalt ansvar over på innbyggerne, for å spare penger.»
- «Litt usikker om hva eg kunne bidratt med, men eg har tenkt på en ting- eg føler der skulle vore en velkomst pakke til tilflyttere, informasjon om aktiviteter til barn, hvem å kontakte, andre aktiviteter til voksne, og kanskje gi dei en kontakt person i nabolaget der dei kan spør om det dei lure på. Er ofte en ikkje veit hvor en skal finne desse informasjonen. Eg har sjøl ikkje visst hvordan eg melde ungene på desse forskjellige aktiviteter, og ikkje har eg visst ken eg skal snakke med.»

Det kan vere verdt å merke seg at fleire nemner ulike utfordringar i dette spørsmålet, det vere seg tid, helse eller andre årsaker til at dei ikkje er tilgjengeleg så mykje som dei skulle ønskje. Om tid og helse er utfordringar for å delta, kan tilrettelegging frå kommunen vere med på å senke terskelen. Dersom dei har høve ei veke til å bistå, men ikkje neste veke, verker det til å vere utslagsgivande for fleire.

Det å kunne hjelpe inn mot spesifikke grupper verker og motiverande for mange. Fleire nemner at dei kunne tenkje seg å bidra med frivillig arbeid innan sine interesser, men det er og fleire som nemner spesifikke grupper som treng meir. Einsamheit og dei som er mykje åleine nemnast av fleire og har ikkje i dag et så godt tilbod seier dei.

Fleire nemner at dei er misnøgde med at innbyggjarane sjølve må ta meir ansvar frå kommunen. Tidlegare i undersøkinga har vi spurt respondentane kva dei synest om at frivillige erstattar kommunens omsorgstilbod og andre delar av innbyggjarmedverknad.

Enkelte er usikre på kva dei kan gjere, men kommer med konkrete forslag til forbetringar, som meir informasjon til innflyttarar.

Kva kan innbyggjarane gjere for at Kinn skal bli ein meir attraktiv kommune?

Utsnitt frå dei opne svara:

- «Slutte å snakke negativt om kommunen. Bruke dei gode tilboda vi har»
- «Framsnakke alt det som gjer det godt å bu her, men òg som feriedestinasjon. Støtte opp om nye initiativ. Besøke restuarantar, pubar, kafear og butikkar meir. Kjøpe billettar til kulturarr. i god tid. Bruke alle tilboda som fins.»
- «Delta i kulturarrangement. Vere med å drive aktivitetar for voksne og eldre, eks trimtilbud»
- «Å bygge lokal og regional tilhørighet til vår egen og nabokommunene våre, vi er nødt til å være med å sørge for at vår egen kommune og nabokommuner er like attraktive, der en bygger opp og styrker det hver kommune er gode på, klarer en å tenke uten for egen kommune, så tror eg vi eks får et sterkt Nordfjord Sunnfjord, også får ei sterkere Kinn kommune som vil være like attraktiv å slå seg ned i dom noen av våre nabo kommuner.»
- «Snakke positivt om kommunen Ikke være redd for å snakke om det som er "negativt" også.»
- «Være åpne og rause med kvarandre. Bidra til fellesskap og ser forbi sosial status og andre utfordringer som er knytt til å bu på små plasser. Som innbygger må man være inkluderende og vennlig. Skape en god kultur for alle som bor her slik at færres mulig kjenner på utenforskap. Hver enkelt innbygger har ansvar for å behandle medmennesker med respekt og vennlighet.»
- «Vere opne, imøtekomande og inkluderande. Både i byane og bygdene er miljøa i stor grad lukka og bygdedyret lever i beste velgåande både i byane og bygdene. Som innflyttar opplever eg trongsynte miljø med liten vilje og evne til å vere opne for nye tankar og impulsar.»

Det er mange konkrete forslag i dei opne svara her, frå det å kjøpe billettar til kulturarrangement i god tid og bruke tilboda, til å skape lokal tilhøyrslø utover «berre» Kinn kommune.

Fleire nemner og at ein bør framsnakke kommunen, ta til orde for dei positive ting og ikkje snakke så mykje negativt om kommunen. Enkelte trekker og frem at det bør vere mogleg å snakke om det som er negativt, men fleire nemner at det å snakke negativt om kommunen er ein ulempe, heller enn ein fordel.

Rausheit og det å bidra til inkludert vert sett på som viktig, der enkelte trekk frem at sosiale forhold kan vere vanskeleg å kome seg rundt. Det er fleire som trekker fram bygda som ein positiv ting, men og nokon som trekk fram bygda som noko som kan vere negativt, som med «bygdedyret».

Kva kan kommunen gjere for at Kinn skal bli ein meir attraktiv kommune?

Utsnitt frå dei opne svara:

- *«Få på plass badebasseng og ny barneskole i måløy. Flaut at vi bur rundt vatn og har ingen opplæring til unger. Å reise til Åheim for at det skal svømme blir for dumt. Kjem dei tinga på plass vil eg tru enda flere vurdere å flytte hjem.»*
- *«Respektare innbyggerne sine meininga i stadenfor å tilfredstille utbyggerar med lovnader som i det lange løp ikkje held mål. Satse på innbyggerar som ER her no framfor innbyggerar som "kanskje" kan komme i framtida. Det er mange som føler seg overkjørt av planar som blir vedtatt, der ein gjerne misser råderett over eiendommen sin, fordi ein skal satse på framtidens innbyggerar... det er iallefall ikkje ein god strategi. Ein må prøve å samle industriutbygginga på ein plass, og bevare så mykje grønt friluftareal som mulig. Ein må lage framtidsretta arealplanar og halde seg til dei. Ikkje blokkere industriområder med boligareal, og boligområder med industriareal. Blir bare bråk av det.»*
- *«Dele seg igjen, er fyrste tanke. Men sidan det ikkje går: Styrke Vågsøy sin identitet. Det må vere tydeleg at det fins trygg og positiv ledelse her, leddarar tilgjengelege for samtaler og spørsmål. Kommunen må styrke transporttilbodet mellom bygdene og Måløy, med relevante avgangar for handel og andre ærend! Det skal vere lett å bli gammal og bu i heimen sin. Gjer om dei strenge betingelsane for å få drosjekort, der det står at avstand til butikk, og manglande rutetilbud, ikkje er relevant. Det går ikkje an at gamle i bygdene ikkje skal komme seg på butikken og kjøpe mat! Når bussen ikkje går i skuleferien, eller ikkje er for påstigning... . Og så må ein jobbe for å beholde ungdomen i kommunen lengst mulig, dei bringer vitalitet og framtid. Må 16-åringar på hybel, vil mange familier flytte vekk. Måløy vidaregåande er veldig viktig. Og styrk kyrkja. Gje økonomi til å stelle gravplassane, det betyr noko for folk.»*
- *«Opprette ein skikkelig kommunikasjonsavdeling, som veit korleis ein formidlar gode verdjar og haldningar i tillegg til nyhende i Kinn kommune. Nå er vi avhengige av.... Firdaposten!!! Vil gi kuddos for denne spørjeundersøkinga. Nå får eg sagt det.»*
- *«Ha meir tilbud til de unge. Som eks flerbrukshall som bowling, trampoline klatring osv. Det er veldig lite for de over 16år og oppover. Det vil og dra meir turister til byen.»*

Og her er det mange konkrete forslag i dei opne svara og svært mange som har tatt seg flid i å svare. Mange nemner eigedomsskatt som ein måte å redusere kostnadane for dei som bur i kommunen og fleire nemner det å halde på innbyggjarane som er i kommunen no, heller enn å fokusere på tilflyttarar.

Mange nemner at ein bør søke å dele Kinn opp igjen. Mange nemner og at skilet mellom by og områda rundt byane burde verte mindre. Det å auke bulysta i områda rundt byane er viktig for mange. Det å få ut informasjon om kommunens arbeid er òg viktig for mange, der dette oftast nemnast i samheng med Måløy/Vågsøy.

Tilbod til unge er ein av faktorane som oftast går igjen, det vere seg symjehall/badebasseng eller fritidstilbod, arbeidsplassar og å lytte på kva dei unge seier.

Kommunen er avhengig av arbeidskraft i åra framover. Korleis kan vi både tiltrekke oss nye arbeidstakarar og halde på dei som bur her?

Utsnitt av dei opne svara. I dei to øverste svara er dette siste delen av eit lengre svar lagt inn på tidlegare spørsmål. Respondentane har gjort det tydeleg at dei svarer på fleire spørsmål i eitt.

- *«Lage plass til aktiviteter til alle i alle alder. Ikkje berre se på utgifter men muligheter. Få med bedrifter som også kan bruke lokaler og få inntekter på det. Ikkje stenge skuler. Men se på ledig areal på skulen til bruk av andre muligheter. Bygge om deler f. Eks. Ikkje bygg ned bydeler.»*
- *«For å halde på oss som bur her treng vi trygghet i at barna våre veks opp med gode tilbud rundt seg. Både svømmeopplæring, mulighet til å ta utdanning medan dei bur heime. Vi treng bustadtomter å bygge på, slik at vi kan bu her og utvide familiane våre. Vi treng ikkje høgare kommunale utgifte!»*
- *«Den beste rekrutteringa i mange område/fag er lærlinger! Då beholder kommunen ungdommen og sikra seg for fremtiden. Eg er ganske så sikker på at kommunen kunne tatt inn lærlinger i mange fag, helse/omsorg, salg/service/adm, IT, teknisk avd hadde garantert hatt plass til noen. Dei som en virkelig ser potensiale i, kan en gi støtte til vidare utdanning om en då binde seg til kommunen i en gitt periode etter endt utdanning. Eks.vis er det noen innen omsorg som har lyst å bli sykepleier, så kan en gi økonomisk støtte (eks.vis gitt beløp) mot binding etter endt utdanning.»*
- *«Slutte å sutre over alt «andre» får til og brette opp armane. Fokus på kompetansearbeidsplassar. Legge til rette for fjernjobbing»*
- *«aktivitetstilbud til unge voksne -Barnehagetilbud uansett når på året barnet er født. - Jordmorvakt 24/7 365 dager i året. -SFO hele året -også på sommeren -Fjerne eieendomsskatt fra nybygg i 3 år! -fjerne eieendomsskatt for personer under 35 år -få betalt ned studiegjeld for å binde seg til jobb som eksempelvis sjukepleier/lærer -bonus for å signere kontrakt som f.eks lærer og sjukepleier -tilby faste 100% stillinger -tilby gode ordninger til vidareutdanning - billig og rask transport til storbyer som Bergen og Oslo -barne bonus: få en sum per barn som fødes -Billigere kommunale avgifter. -Støtte private som ønsker å etablere et by liv i Florø med restauranter, bar, kafe, butikker -unngå å ødelegge naturen i Florø med industri»*

Igjen kjem respondentane med mange konkrete forslag og tiltak dei trur kan tiltrekkje seg folk, samtidig som ein held på dei som alt bur i kommunen.

Tilbod til kva ein kan gjere i kommunen, frå relevante arbeidsplassar for dei med høgare utdanning, tilrettelegging for arbeid som har interessante oppgåver og konkurransedyktig løn nemnast og av fleire.

Småbarnsfamiliar er viktig for mange og eit av dei konkrete forslaga dei kjem med for å gjere det betre for småbarnsfamiliar er ein omstrukturering av barnehage, der den har opptak oftare og lågare kommunale skattar og avgifter. Økonomi er ein viktig faktor for mange.



Sentio Research Norge

Verftsgata 4, 7042 Trondheim
90 54 88 92
post@sentio.no